



Vedtekter for Norheimsund hamneutvikling sa

Vedtekne på skipingsmøtet 11.03.04. Endra 07.04.05 og 29.02.12.

§ 1. Namn

Selskapet sitt namn er
Norheimsund hamneutvikling sa.

§ 2. Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i Norheimsund i Kvam herad.

§ 3. Føremål

Selskapet sitt føremål er ideelt. Føremålet er hamneutvikling og drift av gjestehamn i Norheimsund.

§ 4. Deltakarar

§ 4.1 Kven som kan delta

Laget er ope for alle som støttar føremålet.

§ 4.2 Deltakarane sitt ansvar

Selskapet er eit samvirkeselskap etter samvirkelova (sa). Parthavarane sitt økonomiske ansvar er avgrensa til det dei har skote inn som partar.

§ 5. Kapital

Laget sin kapital er ikkje fast. Sal av nye partar kan pågå kontinuerleg. Kvar part har pålydande kr 1.000. Det skal ikkje betalast rente på innskotne partar. Ved utmelding skal parten/partane ikkje betalast attende, men overførast til annan eigenkapital. Partane kan seljast fritt, men sal skal meldast til styret.

§ 6. Årsoverskot

Laget sitt årsoverskot skal verta verande i laget. Det skal ikkje betalast utbytte på partane.

§ 7. Styre

Laget vert leia av eit styre som er laget si høgaste myndigheit mellom kvart årsmøte.

§ 7.1 Medlemer i styret

Styret skal ha frå 3 til 6 medlemmer etter årsmøtet sitt ynskje.

§ 7.2 Stemmegjeving

Styret er vedtaksført når halvparten eller fleire av styremedlemene er til stades. Ved likt stemmetal tel styreleiaren si stemme dobbelt.

§ 7.3 Styret sine oppgåver

- å ha ansvaret for forsvarelg drift og gjennomføring av dei oppgåvene laget tek på seg.
- å ha møte når styreleiar avgjer, eller når eit fleirtal av styremedlemene krev det.
- å representera laget utad.

§ 7.4 Underskrift

Styreleiar og eitt styremedlem teiknar laget. Styret kan gje prokura.

§ 8. Årsmøte

Laget si høgaste myndigheit er årsmøtet. Dette skal haldast innan 1. juli kvart år.

§8.1 Innkalling

Årsmøte skal kallast inn av styret med minst 14 dagars varsel direkte til parthavarane eller ved kunngjering gjennom pressa. Forslag som skal handsamast på årsmøtet, må vera sendt til styret seinast 7 dagar før årsmøtet skal haldast.

§8.2 Stemmegjeving

Årsmøtet er vedtaksført med dei parthavarane som møter. Ingen har meir enn ei stemme. Stemmegjeving kan skje ved fullmakt.

§8.3 Oppgåver og prosedyre for oridnært årsmøte

1. Opning og velkomen
2. Registrering av røysteføre
3. Val av møteleiar. Den valde møteleiaren tek over leiinga av møtet
4. Val av referent og ein person til å skriva under protokoll saman med møteleiar
5. Godkjenning av innkalling og sakliste
6. Rekneskap
7. Årsmelding
8. Innkome framlegg
9. Val av styre
10. Val av revisor
11. Val av valnemnd
12. Avslutning

§8.4 Omframnt årsmøte

Omframnt årsmøte skal haldast dersom styret eller minst 1/3 av parthavarane skriftleg krev det. Innkalling etter reglane for vanleg årsmøte.

§ 9. Endring av vedtektene

Laget sitt styre og parthavarar kan føreslå endringar i vedtektene. Ved slik endring krevst det 2/3 fleirtal av lovleg innkalla årsmøte.

§ 10. Oppløysing

Laget kan berre oppløysast på ordinært årsmøte. Oppløysing krev ¾ fleirtal av dei framømte med røysterett.

Dersom oppløysinga vert vedteken, skal det veljast ei utviklingsnemnd på 3 personar. Denne skal greia ut skuld og driva inn uteståande fordringar. Eventuelt overskot skal stillast til rådvelde for Hardanger Trebåtfestival BA.